

BOKN BYGDABLAD

NR. 10 - DESEMBER 1996 - ÅRG. 11

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

Helsing frå ordføraren:

Gode boknararar



Tida fyk, me er alt i desember, og det er tid for å sjå litt attende på året me snart har lagt bak oss.

For akkurat eit år sidan brukte nyvalde politikarar mykje tid på å redusera utgiftene slik at me kunne vedta eit budsjett i balanse.

Kommunane vert stadig pålagt nye oppgåver og reformer, dette fører til auka driftskostnader utan at dei økonomiske rammene me får til disposisjon vert tilsvarande større.

Det har alltid vore ei grunnhaldning i Bokn at ein ikkje skal bruka meir enn ein har, setja tæring etter næring, og det er framleis ei rettesnor i arbeidet vårt.

Frå 1.10.95 var politisk omorganisering av kommunen gjennomført, og dette året har det gått mykje tid til å omorganisera organisasjonen for å betre tilpassa den til nemndstruktur og kommunestorleik. Dette er ein prosess som er tidkrevande og omfattande, men eg synest me er godt i gang og målet er å bli ferdig i 1997.

Kommunestyret har også vedteke å

starta opp arbeid med å utarbeida kommuneplan og kystzoneplan for heile kommunen. Dette er eit arbeid som vil angå dei fleste av oss, og som dei fleste vil ha interesse av å delta i. Dette arbeidet er så vidt starta opp og vil ta mykje av tida neste år.

Ei anna dagsaktuell sak er om gassrøyret Europipe II skal gå gjennom kommunen. Regjeringa har gått inn for at traseen skal gå over Bokn, og Stortinget tek endeleg avgjerdsle i saka rett før jul.

Viss traséen over Bokn blir valt, vil anleggsfasen starta på Bokn mot slutten av neste år og vera på topp i 1998. Eit slikt stort prosjekt vil både i planleggingsfasen og i anleggsfasen kreva mykje tid av både den administrative og politiske leiinga i kommunen.

I år var det fem år sidan Bokn fekk fastlandssamband. Ein verknad av vegutløysinga har vore at spørsmålet om kommunesamanslåing igjen er blitt eit tema. Kommunal- og arbeidsminister gunnar Berge var i Bokn 17. mai. Gjennom revyinnslag

Helsing frå ordføraren, framh. frå s. 1

og anna påverknad fekk han grei beskjed om kva me meiner om kommunesamanslåing. Stortinget har vedteke at ingen kommunar skal bli tvangssamanslått og me vil arbeida aktivt for at Bokn framleis skal vera eigen kommune.

I oktober opplevde me ei tung tid i Bokn. Tre ungdommar mista livet i to ulike ulykker. Slike triste hendingar pregar oss alle og våre tankar går til dei familiare som sit att med sorga og saknet.

Det året som no går mot slutten, har vore eit innhaldsrikt år. Me starta året litt i motbakke, men no ser me meir optimistisk på tida framover. Ja, kjære boknarar, det er i sanning både spanande og utfordrande å vera ordførar i Bokn.

Framtida skaper me sjølv, og eg håper at mange boknarar gjennom initiativ og engasjement vil vera med i dette arbeidet.

Så vil eg ønskja dykk alle god jul, og eit spanande nytt år i 1997.

Helsing Sigrunn

NYTT FRÅ KYRKJA

NY ORGANIST

Fyrst gamalt nytt, noko som er kjent av dei fleste. Det har mellom anna vore omtala i "Kyrkjetonar". Mathias Are slutta som organist 1. september - han er blitt pensjonist. Me takkar for trugen teneste i 38 år.

Då stillinga no var utlyst, var der berre ein søkjar. Jon Bendik Helland frå Vormedal, og han vart tilsett. Og me ynskjer han velkomen. Han er berre 18 år og er ikkje enno ferdig med den vidaregåande skulen, der han går på musikklinja på Skeisvang. Det kan derfor høva dårleg for han om der er oppdrag utanom helg. Me har derfor til denne tid, og inntil vidare ei ordning der han tek gudstenestene, medan Mathias framleis spelar ved andre høve, som t.d. gravferd.



NY LOV

Den 7. juni 1996 kom der ny lov om Den Norske Kyrkja med tilhøyrande forskrifter. Deler av den er trått i kraft, men det meste er frå nyttår. Det er meininga at den skal gi kyrkja større sjølvstende, og ein meir effektiv organisasjon. Det er då eit

MYTT FRÅ KYRKJA

krav at der skal vera eit fellesråd i kvar kommune, valt av sokneråda. I ein kommune som vår der det er berre ei sokn, vert soknerådet også fellesråd.

Det er fellesrådet som står for all kontakt med kommunen og den offentlege økonomi. Dei som arbeider i kyrkja er no tilsett i kommunen, men vert flytta over til fellesrådet som dermed får direkte arbeidsgjevaransvar.

Prestane er ikkje med i dette, dei er framleis statstenestemenn. Alle dei pengar fellesrådet disponerer, både til løn og anna, skal framleis koma frå kommunen, og den har rett til å ha innsyn i kva dei går til. Av praktiske grunnar må me også kjøpa dei tenestene av kommunen som gjeld betaling av løn, føring av rekneskap, revisjon m.m.

Det er derfor ikkje godt for oss vanlege folk å sjå det heilt store i desse endringane.

Men kravet i lova om at fellesrådet skal ha tilsett dagleg leiar må me vel sjå som positivt. Det vil føra til meir ordna kontorforhold. Dette må jo føra til at det heile vert noko dyrare enn før. Me må vere takksame for at

staten, i ei tid det helst berre er snakk om innstraming, prioriterer dette såpass at dei overfører til kommunane "øyremerkte midler", og

me reknar sjølvsagt med at kommunen fylgjer opp.

Fellesrådet har tilsett Svanhild Alvestad som dagleg leiar, med tittel kyrkjevevjerje. Ho er, som vel alle veit, frå før klokkar og sekretær for soknerådet.

KYRKJA 150 ÅR

Komande år er kyrkjehuset vårt 150 år. Dette vil bli markert med jubileumsgudsteneste 21. september og gjerne også andre ting som enno ikkje er fastlagt.

Det skjer også meir ekstra, det vert bispevisitas 21. og 23. mars. Me får vona at alt dette vert til signing og lukke for bygda vår.

"Det er ei lukke for vårt land At kyrkjeklokker kimar og kallar folk frå dal og strand Til helg og høgtidstimar, At kyrkjedører opna er Og folket dit til høgtid fer, Og vigslar helg og vyrka".

(Støylen)

GOD TULL

Sigvart Våga

BOKNALAGET GJEKK IKKJE VIDARE

I andre runde i 5PÅ! slo 5-klassingane frå Hundvåg skole 5-klassingane frå Bokn skule med 2 poeng, og Bokn gjekk dermed ut av den vidare tevlinga.

Det var inga utklassing, så boknalaget har ingen grunn til å skjemmast over innsatsen sin. Bra gjort - det var ingen dårleg innsats første gong elevar frå Bokn skule var med i tevlinga.

Jul på Are for 90 år sidan

Hilda Vågshaug er fødd på Are i 1903. Den 18. desember er ho 93 år gamal, og eldst i Bokn. Ho har budd på Bokn sjukestove ei tid, er frisk til sinns, men brukar gåstol.

Hilda vaks opp i ein familie med 8 sysken. I dag lever 4 av desse, 1 på Nærbø og 3 på Bokn.

Hilda vart gift i 21-års alderen og flytta til Vågshaug kor ho budde saman med ektefelle og barn.


JULEGRISEN

Når det gjeld matvanane skulle det alltid vera noko ekstra til jul. Det måtte alltid slaktast ein gris. Og dette vart gjort på garden. På Are gjekk dei saman og hjalp kvarandre på gardane, og det var nok vanleg andre stader òg. Det var mykje som skulle førebuast m.a. med oppvarming av skoldevatn m.v. Hilda fortel at det var eit svært oppstyr med skrik og skrål når dei skulle slakta grisen. Han vart vart m.a. bunden i trynet, og det var eit leven når dei halte han til slakting. Grisen skreik, og ungane var skremde av levenet. Men dette levenet vart slutt då Kristoffer Håland begynte å reisa på gardane og slakta gris. Han var dyktig i faget, og slaktinga gjekk då føre seg utan så mykje oppstyr.

Alt på grisen vart godt nytta. Alle nabogardane fekk ferskt kjøt, blod til blodkomla og ister til komledott når nokon slakta. Det blei laga pølser, sylte, blodkomle og anna. Tarmane skylte dei i sjøen. Etterpå vart dei gjort skikkeleg reine i varmt vatn, og

nytta til pølseskin. Dei malte innmaten og nytta han i pølser. Desse vart opphengde til tørk. Grisahove' vart alltid nytta til sylte.

Elles vart kjøtet salta, og den vanlege sundagsmiddagen var salt kjøt, flek og erter.



Elles vart det baka fleire sorter lepsa til jul. Smultringar var vel den vanlegaste kakesorten. Då bruka dei feitt (smult) frå sau som dei hadde slakta til å koka smultringane i. Dei hadde nok også andre kakesorter, men dette kunne variera. Julebrød kjøpte dei eller baka.

Julafta var det i Hilda sin oppvekst ikkje uvanleg med fersk torsk. Så åt dei risgraut eller julagraut. Hilda fortel at den kosten dei hadde med jul, med sylteflesk, pølser, lepsa, smultringar og liknande var festkost som dei vanlegvis hadde lite av elles i året. Difor smaka det også så ekstra godt.

NYE KLEDE

Når det var jul, skulle dei alltid ha noko nytt å ha på seg, om det så berre var eit par sokkar. Om dei fekk eit nytt klesplagg før jul, skulle det alltid gøymast til jul. Og elles måtte

Jul på Are for 90 år sidan...

alt dei skulle ha på seg vera reint og heilt.

REINT I HUSET

Det var også nøye med at det vart gjort reint i huset. Det blei vaska skikkeleg ut slik at alt var reint og fint når julehøgtida kom.

JULEEVANGELIET

Faren, Mathias Are, var nøye med at juleevangeliet vart lese julafta. Dei song også julesongar. Juletreet var oftast ein bragje (einer) som dei hadde vølt på for å få han så jamn og rett som muleg. Det var elles ikkje andre tre på Are.



Julelysa på treet hadde dei støypt sjølv av sauafett, vanlegvis før jul.

TIL KYRKJE OG FEST

Det var ikkje veg til Are på den tida, så dei gjekk til kyrkja 2. juledag.

Dei kom først inn på vegen ved Vatnaland.

Juletreffest var det også, både for barn og vaksne. Då rodde dei helst til Hognaland. Skulle dei gå, var det over Kleivå, øvre eller nedre, som også var skulevegen mellom Are og Hognaland. Den nera Kleivå gjekk i ein bratt skrent med oppsett gjerde då det var bratt rett ned mot sjøen, og det var ikkje alltid så enkelt der ungane gjekk i treskoa sine.

Hilda hugsar ikkje at dei fekk gåver til jul utanom t.d. eit nytt klesplagg. Men dette kunne vel vera annleis andre stader. Men det var eit uttrykk ho hugsar, men ikkje veit kva tyder. Det gjekk på at alle skulle ha noko nytt (klesplagg) til jul - og "ikkje bera verahod'ne".



KJØR TRYGT I VINTER

**NÅ KAN DU FÅ ET AV MARKEDETS BESTE NYE
VINTERDEKK TIL USEDVANLIG GUNSTIGE PRISER**

MARSHALL POWER GRIP VI

MED ELLER UTEN PIGG
MARSHALL LEVERER DEKK TIL PERSON-, VARE-, AMCAR OG 4WD.
- BE OM PRISTILBUD.

FORHANDLER:
EINAR VÅGE: Tlf. Veksted 52 74 84 01
 Mobil 94 61 20 03
 Kveld 52 74 86 44

INNTRYKK FRÅ 9. KLASSE SIN TUR TIL POLEN OG TYSKLAND 16.11 - 23.11. -96

De Hvite bussene.

Stiftelsen Hvite Busser til Auschwitz har valgt navnet sitt til minne om «Operasjon de hvite bussene» fra krigens dager. Dette var en redningsaksjon som hentet rundt 20 000 norske og danske fanger fra konsentrasjonsleirene i april 1945.

Hvite Busser til Auschwitz startet som en forening i 1992, etter initiativ fra Helga Arntzen og Geir Lid. På grunn av en eksplosiv økning i antall reiser, ble HBTA omdannet til en stiftelse i 1994, og Helga ansatt som daglig leder.

Formålet med stiftelsen er å bevisstgjøre hver enkelt deltager til å ta ansvar for en fredeligere og harmonisk verden, og å motarbeide holdninger som ikke er basert på menneskers likeverd.

For å nå dette målet skal stiftelsen drive dokumentasjonsreiser og drive annen opplysningsvirksomhet knyttet til forbrytelser mot menneskeverdet.

En slik reise har vi i 9.klasse nettopp opplevd. Det har vært en spennende tur med masse inntrykk. Vi reiste sammen med 9a og 9b fra Skotselv skole utenfor Drammen. Den første dagen kjørte vi for å komme fram til Ystad i Sverige, der vi skulle ta ferje til Polen. Vi brukte tida til å bli kjent med de andre, og så også filmer fra konsentrasjonsleirene i bussen. Landskapet i Polen var flatt, men mer variert enn vi hadde trodd. Vi fikk vite at der er store forskjeller på fattige og rike. Mange av de store byene er veldig forurenset. Den første endestasjonen vår var Krakow, Polens fjerde største by.

Den første dagen tilbragte vi i Auschwitz/Birkenau, og det var nok den som gjorde sterkest inntrykk på oss, det vil de andre fortelle mer om. Men vi opplevde ikke bare triste ting. Dagen etter var vi på omvisning i de kjente saltgruvene utenfor Krakow, der det er mange kilometer med saltganger fylt med mannhøye saltfigurer. Samme kveld fikk vi på hotellet besøk av en polsk folkloregruppe, som hadde oppvisning i sang og dans for oss.

På markedsplassen i Krakow var det masse fint, (Og for oss, billig) å få kjøpt. De som ville, kunne ta seg en tur innom den kjente Mariakirken, eller se på Wavelslottet, som ruvet høyt over byen. Det som for oss var spesielt billig å handle i Polen, var krystall, så det blir nok en del krystallglass under juletræne i år.

Etter tre dager i Krakow kjørte vi videre mot Tyskland. Vi hadde en overnatting i den polske byen Wroclaw, og stort mer ble det ikke der, p.g.a. dieselproblemer med bussen. I Berlin hadde vi en sightseingtur med bussen, en kort handletur, besøk på Checkpoint Charlie, før vi overnatta i Hotell Unter den Linden. Siste natta tilbrakte vi på ferja mellom Kiel og Gøteborg. Alt gikk veldig fint, og vi sitter tilbake med en haug av inntrykk som må sorteres etterhvert.

Eilin og Anne Margrethe.

Først så var me i Auschwitz, der var det samla masse levningar frå fangane som hadde vore der, alt frå tonnevis av hår til koffertar med fødsels-og dødsdato på. Det var psykisk hardt å vere der, for det var så mykje forferdeleg som hadde hendt. Det verste var å stå framfor Skyteveggen, der fangar vart henretta. Dei fleste viste følelser og mange måtte felle tårer her, for det var så trist. Ettrpå var me i den gigantiske utryddelsesleiren Birkenau, og der var det like forferdeleg. Der var det ein diger gravplass der aska av dei kremerte låg. Oppå der stod det kvite Davidsstjerner ,og ellers var det minneplater mange stader. Ravensbruck var kvinneleiren, det var ein arbeids-og utryddelsesleir for kvinner og barn. Det var no mest eit museum, men det var mange kleplagg og gjenstandar frå folk som hadde dødd der. I leiren Sachsenhausen var det mest politiske fangar, og der foregjekk det tortur av verste sort. Dessutan forgjekk det her testing av skotøy. Fangar gjekk og gjekk heile dagen på forskjellig underlag for å teste kor slitesterke skoene var. Eg syns at turen var ein sterk opplevelse, det var både alvor og moro, og det var kjekt å bli kjent med dei andre. Det er absolutt ein tur å anbefale for andre.

Sigleiv.

Det er grytidleg om morgonen i Krakow, Polen . Me måtte stå opp kl 06.00, for me skulle kjøre tidleg til Auschwitz, den mest berykta konsentrasjonsleiren til Hitler. Mens me kjørte dit, lurt alle på korleis leiren såg ut. Før me gjekk inn i sjølve leiren ,såg me ein film om korleis det var i leiren under krigen, og korleis fangane såg ut. Etter filmen, som gav oss alle vonde inntrykk, blei me delt inn i to grupper som fekk kvar sin guide. Guiden viste oss brakkene der fangane hadde budd, det står enno att ganske mange. Me såg skytemuren, der mange tusen var blitt skotne. Me var nede i kjellaren og såg på romma der fangar blei torturerte. I nokon av romma måtte dei stå rett opp og ned til dei sulta ihel eller blei kvalt. Framfor skyteveggen la Eilin og Anne Margrethe ned krans, og ei jente frå Skotselv sang Amacing Grace. Så var me stille i eitt minutt. Det var både godt og vondt, og tårene trilla.

I veggen på ei av cellene vi såg, hadde ein av fangane rissa inn ein Jesusfigur med neglene. Me såg også gasskamra og krematoria, der fangane blei drept og brent.

Oddbjørn.

Hvite Busser.

Det er ganske utruleg at me har vore og fått oppleve dei verste konsentrasjonsleirane i Polen og Tyskland. Det å gå gjennom porten med overskrifta «Arbeit Macht Frei», og vite at fleire tusen, ja, millionar, av menneske har endt livet sitt her. Det å sjå høge vakttårn, km-lange ,3-4m høge ,elektriske gjerde, brakkene tett itett, skyteveggen, krematoria.

Og å høyre om alt som hadde skjedd! Det er veldig vanskeleg å forestille seg noko så vondt. Det er flott at Hvite Busser tar med seg både ungdom og vaksne og viser at dette har skjedd. Det har gjort eit veldig sterkt inntrykk på meg, og eg trur at me alle har godt av å verkeleg sjå det som skjedde her.

Bjørn

I Auschwitz så var det voldsomt store bygningar av murstein. Det står enno att ca 70 av dei 300 opprinnelege bygningane. Dei var grå og ekle inni, med masse celler der fangane blei gassa og torturert. Etterpå blei dei sendt til krematoria og brent. Guidane fortalde masse ekle historiar om alt som hadde skjedd her. Inne i leiren var det masse hår, briller og sko som hadde tilhøyrt fangane. Så var det ein vegg laga av strå der dei blei stilt opp og henretta. Og der var legar som gjekk rundt og drog ut gulltennene til jødane etter at dei var blitt gassa i hel. Det var forferdeleg å gå den same vegen der så mange millionar jødar hadde gått sin siste veg mot tortur og gasskammer. Og å sjå kor forferdelege buforhold dei hadde hatt. Inne i brakkene var det masse senger, i tre høgder. I ei seng som normalt hadde plass til tre stykker, låg det 12-15 stykker. Tyskarane behandla jødane som om det var dyr dei hadde fanga. Ei soldat fekk fri i tre dagar fordi han hadde treft så godt i hjarta på ein jøde. Me fekk sjå der dei hengde dei opp etter armane heilt til dei knakk isaman og senane røyk. Alt dette har gitt oss sterke inntrykk, og det må aldri skje igjen.

Bjørnar.

Konsentrasjonsleirane.


Det var mykje som gjorde inntrykk på oss der nede, det var sterke syn. Mange bilete var så grusomme å sjå på at du kunne liksom ikkje forestille deg den grusomheten. Det me fekk sjå, var plassane der dei låg, der dei måtte stå visst dei skulle straffast, plassen der dei vart henretta, krematorier og gasskammer, toaletta deira, -hundrevis av toaletthol i same rom, plassar der dei hang etter armane som straff og mykje meir. Alt dette gjrode eit veldig inntrykk, og mange tok til tårene. Det var spesielt sterkt å sjå henrettelsesveggen der det låg kransar til minne om dei som enda livet sitt der. Me la også ned ein krans der, og hadde eitt minutt stillhet etterpå. Dette minuttet var fullt av tankar og tunge sorger. På veggene i gangane hang det lange rekker med bilete av fangar som hadde vore der. Det stod namn og årstal under, og det viste seg at dei fleste ikkje hadde levd meir enn nokre få månader etter at dei hadde komme til leiren. Det er så meiningslaust at så mange menneske måtte ende livet sitt på ein slik hard og grusom måte, Hitler kan umulig ha hatt eit hjarta.

Björg Synnøve.

BIBLIOTEKET



BIBLIOTEKET ER STENGT I
TIDA 16.12.96 - 06.01.97



MOT JUL

Somren er borte,
dagene er korte,
men gjennom mørke, tåke og regn
hist i det fjerne
lyser en stjerne -
Betlehems-stjernen, det himmelske tegn.

Snrt skal vi høre
klokkene føre
budskap om høytid i hjemmene.
Klart skal det klinge,
inn skal det ringe
julen for alle - i hjerte og sinn.

Granen vi tenner,
atter vi kjenner
julens vidunderlig barnlige fryd.
Intet oss tynger
medens vi synger
julekveldssangen med jublende lyd!

BIBLIOTEKET YNSKJER ALLE

GOD JUL OG GODT NYTTÅR!



DET VERT IKKJE VAFLER TORSDAG 19.12.96

VAFLEDAMENE I SANITETEN YNSKJER ALLE
GOD JUL OG GODT NYTTÅR!

SANITETEN STARTAR OPP IGJEN TORSDAG 09.01.97



KLUBBHUS PÅ BOKN?

Bokn Idrettslag driv aktivt idrettsarbeid, særleg blant barn og unge. Heile sommarhalvåret er fotballaktiviteten stor, og i år har fire lag i aldersbestemte klassar konkurrert mot lag i distriktet.

Overalt der vi besøkjer andre lag har dei klubbhus, også på Kvitsøy og Utsira. Styret i B.I.L. og foreldre som er med som trenarar eller oppmenn har lenge sett behovet for eit klubbhus også hos oss, kanskje er tida moden for å gjera noko med det?

Bokn I.L. har avtale om å få kjøpa ca. 3 mål aust for fotballbanen som er regulert til klubbhus.

Vi har fått teikna eit utkast til klubbhus, basert på minimumsløysing når det gjeld krav til garderobeforhold og med full utnyttelse av 2. etasje til klubblokaler. Utan inventar er dette bygget kostnadsrekna til kr. 1.450.000.

Bokn har ikkje tidlegare fått tippemidler til idrettsanlegg, vi bør derfor ha god von om å stå for tur viss vi sender søknad. Til klubbhuset over vil vi kunna få kr. 960.000 i tippemidler og skjønnsmidler. Med litt støtte frå kommunen og næringslivet, med dugnad, innsamling og noko oppspart eigenkapital bør det vera eit mål å få opp dette huset utan gjeld.







Med eit så vidt lite klubbhus, kanskje utan gjeld, vil ein ikkje vera særleg avhengig av utleiebasert drift av huset. Dette er viktig for å få folk til å stilla til styreverv i klubben.

To gonger før har ein prøvd å få i gong arbeid med grendahus utan å lukkast. Kanskje kan dette huset få ein slik funksjon?

Det er i alle fall styret sin intensjon at huset må bli nytta av flest muleg til mest muleg. Så alle de som er foreldre, tenk framover og bidra til at vi kan realisera dette prosjektet. La oss visa kvarandre at vi kan få til dette i lag.

Styret har ikkje kapasitet, ved sidan av å driva laget, til å gjennomføra dette åleine. Vi treng god støtte frå alle medlemmer og alle som kan tenkja seg å bli medlemmer.

Nærare orientering om planane og endeleg vedtak om å kjøpa tomt og senda søknad vert teke på årsmøtet midt i januar. Eigen innkalling til årsmøtet vil bli sendt ut, og styret håper at mange foreldre vil møta.



CAD DRAWING KNUTT FØRSLAND 5553 TYSVERVÅG		091096	1:100
		BOKN IDRETTSLAG 4290 BOKN.	1:100

11

BOKNAR VAR MED I BUSSULYKKA I NORDKJOSBOTN

Den 21 år gamle soldaten Roy Drange frå Bokn var med som passasjer i den bussen som fredag den 15. november kjørde utfor vegen ved ei bru og ned i ei elv i Nordkjosbotn i Troms.

37 soldatar frå Setermoen garnison skulle på velferdstur til Rovaniemi i Finland. Først fór bussen utfor vegen på høgre sida, men kom seg opp att og fór gjennom autovernet og 4 meter ned i ei elv ved ei bru på venstre sida av vegen.

Den kvinnelege bussjåføren måtte skjerast ut, og det tok mange timar. 9 av soldatane var lite skadde, deriblant Roy - og starta med ein gong førstehjelpsarbeidet. Dei måtte bruka eigne skjorter og klær til å forbinda medsoldatane med, og prøva å slukka brannen som starta i motoren. 1/3 av bussen brann opp.

Sjølv sat Roy bak i bussen, men då bussen hadde landa i elva, var han kasta heilt fram. Bussen sto med fronten ned i elva.

Det er Roy sin far, Finn Erik Drange som fortel dette til bygdabladet. Roy har nettopp vore heime på permisjon. Han var kjempeheldig som slapp så lett frå ulykka, berre mørbanka i kroppen. Men hendinga har gjort inntrykk. Soldatane fekk krisehjelp etter ulykka, pluss 12 dagar permisjon etterpå. Utanom bussjåføren var det fleire soldatar som hadde alvorlege skader.

Finn Erik Drange seier at han elles ikkje har høyrte noko negativt frå Roy om militærlivet. Det er noko han må gjennom, og det er gode forhold for friluftsliv i området, og han likar å gå i naturen.

NYE SØKNADER OM SKJENKELØYVE

Forvaltningsstyret i Bokn behandla den 4. desember to saker om skjenkeløyve. Sakene kom opp etter at Finn Erik Drange hadde søkt om alminneleg skjenkeløyve for øl og vin ved Arskroen møte og selskapslokaler, og ved at han ba om at kommunen tok opp ei sak om såkalla ambulerande skjenkeløyve for brennevin.

Forvaltningsstyret fylgde administrasjonen si tilråding om at det vert oppretta to såkalla ambulerande skjenkeløyve for

brennevin. Dette vil i praksis fungera slik at skjenkeløyve kan gis for enkelte slutta selskap etter søknad. Vedtaket for dette var med 3 mot 2 røyster.

I saka om alminneleg skjenkeløyve for øl og vin ved Arskroen i 2. etasje låg det ved tilråding om at dette ikkje skulle gis.

Denne tilrådinga vart vedtatt med 3 mot to røyster.

Sakene blir endeleg avgjort i kommunestyret den 17. desember, og det er uvisst kva utfallet vil bli.

EUROPIPE II

Reguleringsplanen for rørtraséen er for tida ute til høring, mens neste store søknad om tillatelse til å få transportere gass i Europipe-II-røret (til Direktoratet for brann og eksplosjonsvern, DBE) vil bli sendt før jul. Vi er også omtrent ferdig med en disposisjonsplan for bruk av Knarholmen som vil bli sendt kommunen med det første, slik at prosessen går som normalt.

Arkeologiske funn på Bokn

I høst ble arkeologene ferdig med sin første runde på leiting etter fortidsminner langs traséen, og her er noen av de skattene som de fant:

TROSNAVÅG (Regavika)

- * 2 steinalderlokaliteter
- * trolig mesolittisk, ca. 8000-5000 f.Kr.
- * redskaper og avslag fra flint

TROSNAVÅG

- * område med inntil 5 mulige gravrøyser

og flere rydningsrøyser

- * ØK-registrert tidligere, fornminne sannsynlig datering - eldre jernalder, ca. 500 f. Kr. - 500 e. Kr.

BOKNABERG

- * boplassområde med 2 kokegroper/ildsteder og flere stolpehull - eldre jernalder eller eldre, dvs. før 500 e. Kr.

GUNNARSTAD

- * område med minst 4 rydningsrøyser. usikker datering, muligvis forhistoriske.

Disse opplysningene baserer seg på en foreløpig rapport fra Fylkeskonservatoren, og de fleste stedene vil komme i konflikt med traséen. Dette medfører at Statoil må søke om å få frigi områdene, noe som vil bli gjort i løpet av vinteren.

Besøk av rikspolitikere

Onsdag 11. desember besøkte Stortingets Nærings- og Miljøkomité Bokn. Besøket var et ledd i å sette seg inn i saken rundt Statoils traséforslag før avgjørelsen tas i Stortinget før jul. Det er derfor en spennende tid vi går i møte, både for Statoil og Bokn kommune.



Alle i Europipe-II prosjektet vil benytte anledningen til å takke for det gode samarbeidet i året som har gått og ønske alle innbyggerne i Bokn kommune en fredelig jul og et godt nytt år.

KASSETTSPELAR I 17.MAI-TOGET?

Går det likeeins med Bokn 17. mai neste år som det gjekk med ei anna bygd i Norge 17. mai dette året? Dei måtte mata ein kassettspelar med batteri, og han fekk plass på skuldrene til ein i 17. mai-komitéen framme i toget. I reportasjen på TV så det ut som om dei fleste tok heile greia humoristisk, men dette var nok innerst inne ironi.

Slik situasjonen er i dag får Bokn prøva dette om ca. 5 mnd. Og det er slett ikkje sikkert Bokn blir åleine. Me skal ikkje reisa langt nordover på Haugalandet før me finn korps som kjempar for å overleva. 90-åra har snudd ei positiv korpsrørsle på 70- og delar av 80-talet til ei tid der korps kjempar med tusenvis av andre fritidstilbod. Trenden i dag er at det meste skal vera så enkelt, spesielt å slutta i eit korps for så å prøva noko nytt. Dette trur eg er spesielt for byane. Rossabø skolekorps, som eg sjølv vokste opp i, var oppe i 100 stk. på 70-talet, men det var ikkje så lenge sia dei var nede på nokon og tredve - og i tillegg er det janitsjarkorps som minst bør vera oppe i 50.

Dette harmonerer kanskje ikkje med det eg skreiv om Bokn musikkorps etter øyastevnet på Rennesøy i vår, då Bokn hadde det største korpset. Det er riktig at musikkorpset vårt tel 29 stk. inkl. drilltropp og aspirantar, men dei messingblåsarane som skal laga lyd i 17. mai-toget er 11 stk., og då er ikkje alle instrumentgruppene representert ein gong.



Vil tonane 17. mai 1997 koma frå messinginstrument?

Messing-gruppa i hovudkorpset nektar pr. i dag å spela 17. mai, og dette har styret full forståelse for. Då hjelper det lite at korpset har ein flott drilltropp, ei stor og kraftig slagverkrekke, 8 aspirantar, godt miljø og god økonomi - i tillegg har me 2 vaksne aspirantar som startar etter jul. Me snakkar om ein overgangsperiode dersom den noverande korpsstammen har tålmod til å halda fram, ein periode der aspirantane skal bli flinke nok til å vera med i hovudkorpset. Etter jul byrjar korpset på vår-sesongen. Rundt omkring i bygda er det mange flinke korpsmusikantar som no ikkje er aktive. Det er mange som håpar at desse kjem seg opp av godstolen, for så å koma tilbake til korpset.

Think you a little about such that it blir a good vending in the next episode!



- kulturleiaren



UNDERET

*Jorden venter, jorden
smiler.*

*Sneen faller bløt og
lett.*

*Og en trett og fattig
tviler*

*drømmer barnets
drøm og hviler.*

*- Underet er atter
skjedd.*

Inger Hagerup

TINDRANDE LJOS

*Det lyser i stille
grender*

*av tindrande ljøs i
kveld,*

og tusende

barnehender

*mot himmelen ljosa
held.*

Jakob Sande



NÅ HAR VI BØRI VED

*Nå har vi vaske golvet
og vi har børi ved,
og vi har sett opp
fuggelband og vi har
pynte tre'.*

*Nå sett vi øss og kvile
og puste på ei stund,
imens je rugge vogga,
så'n bror din får en
blund.*

Alf Prøysen

TVENDE GLÆDER

*Julens glæder
ere tvende:*

*først dens indtog,
så dens ende.*

Piet Hein

BARNETS TID

Julen er jo barnets tid.

Henrik Ibsen

LYS FRA OVEN

*Til hjem og kammer
er julen kommen.*

*Og tent er tusener
blanke flammer*

*som lys fra oven
fra helligdommen.*

Herman Wildenvey



JULA PÅ FANG

*Og nu sett æ med
ungen på fanget og
ser*

*På ei stjerne som
skinne så godt*

*Og æ takke førr
varmen og lyset ho
gjer*

*Og førr guttungen
som vi har fått*

*Og om Betlehemsnatta
blir aldri så lang*

*Har æ håpet i hjertet
og jula på fang.*

Halvdan Sivertsen

STRÅLENDE HÅP

Julen kommer og går.

*Den er hva den burde
være, hva den har*

*vært så langt Alberte
og Jakob kan huske*

*tilbake. Et strålende
håp - og en flau og*

*flat forundring over at
en atter en gang var*

troskyldig og naiv.

Cora Sandel

SpareBank 1

SR-Bank

INFORMASJON FRÅ SPAREBANK 1 SR-BANK BOKN

NYE TELEFONNR.

SR-BANK BOKN HAR FÅTT NYE TELEFONNUMMER

SENTRALBORD: RINGER DU **52 74 82 20**
KJEM DU TIL FELLES SENTRALBORD I STAVANGER

DIREKTENR. TIL OSS: **52 74 82 21** BANKSJEF
52 74 82 22 KASSE

*VISS DIREKTENR. ER OPPTATT BLIR DU KOPLA TIL
SENTRALBORD I STAVANGER*

VI MINNER OM FRISTEN FOR Å SPARE SKATT FOR 1996.
FRAM TIL **31.12.96** KAN DU KJØPE AMS-ANDELER
HOS OSS

BSU-BOLIGSPARELÅN FOR UNGDOM
ÅRLEG INNSKOT KR. 0 - 10.000
SKATTEFRÅDRAGET ER 20% AV ÅRLEG INNBETALT BELØP
DU ER VELKOMMEN INNOM BANKEN FOR EIN PRAT

ÅPNINGSTIDER:

MANDAG - FREDAG **8.15 - 15.00**
TORS DAG **10.00 - 17.00**

ME ØNSKJER ALLE GOD JUL OG GODT NYTTÅR

SPAR STRØM!

Vil du spare penger og samtidig være miljøbevist? Det kan du gjøre ved å investere i **varmepumpe**.

Hva er en luft-til-luft varmepumpe? Luft-til-luft varmepumpen består av en ute og en innedel. Utedelen henter varme fra omgivelsene.

Innedelen vil for brukeren virke som en stor vifteovn med luftfilter som bruker ca 1/3 av den strømmen en vanlig elektrisk ovn trenger.

Innedelen plasseres i det rommet en ønsker høyest temperatur, normalt i stue.

Strømforbruket til oppvarming reduseres med 40 - 60%, og innemiljøet blir bedre.

Inntjeningstiden for en luft-til-luft varmepumpe i Vest-Norge er i dag 3 til 6 år.

Det er ikke utsikter for at strømprisen skal gå ned, og eventuell oppgang vil korte ned inntjeningstiden.

Varmepumpen kan kjøres som Air Condition (luftkjøling) om sommeren.

Like enkel å montere i gamle som nye hus.

Priser fra 12900,- inkl. mva.

Varmepumpe er et omvendt kjøleanlegg. Kjøp derfor varmepumpe av fagfolk i kuldebransjen som kan gi deg **fagmessig montasje og ikke minst service også etter at anlegget er montert.**

Ring **Energi & Komfort** på tlf **906 94350** eller **901 28963** for uforpliktende tilbud som passer **ditt** behov.

Trond Vatnaland

Kuldemontør

Tlf privat 52 74 86 48


Arild Nilssen

Kuldemontør

Tlf privat 52 74 86 19

20-ÅRS JUBILEUM PÅ VEYSTOVA

Torsdag den 7. november hadde Vevstova 20-års jubileum. Dei selde eigenproduserte varer, og alt blei utselt. For inntektene blir det innkjøpt renning og anna utstyr. Dei serverte også kaffi og himabakst.



Målfrid fortalde om vevstova frå ho starta.

Dei har halde til i tre ulike rom på gamleskulen.

Det var både unge og eldre, og folk både frå Tysvær og Finnøy. Vevstova har seinare hatt litt kontakt med ei vevstove på Eikje gamle skule i Tysvær.

Vevstova er open for dei som vil begynna. Vevkveld er torsdagar kl 19 -22.

ATTGLØYMT PÅ SKULEN

etter Bokn musikkorps sin dans 9.11.96.

1 brun skinnjakke "JAZZ" str.XL. - 1 blå/grå fritidsjakke "JAMES OAKLEY" str. 16 år. - 1 grønn /blårutete dameparaply.

Ved å venda seg til skulekontoret kan eigarane få plagga att.

INNSAMLAR MIDLAR TIL ZAIRE

I samband med arrangementet med tenning av julegrana den 1. desember i år, kom det inn kr. 6.330,-. I tillegg har Bokn røde kors besøkstjenese løyvd kr. 5.000,- slik at det til saman er sendt kr. 11.330 til hjelpearbeidet i Zaire.

TANNKLINIKKEN

Frå nyttår kan ein ta imot nye vaksne pasientar.

Skal du/dere til Syden eller andre steder i Europa - leilighetsopphold selges rimelig. Opptil 6 personer - høg standard. Tlf. 52 74 86 73

SAMANLIKNINGSTAL FOR KOMMUNANE INNAN HELSE/SOSIAL

Sosial- og helsedepartementet utarbeider årleg i samarbeid med Statistisk Sentralbyrå ei oversikt over behov og problem innafor helse- og sosialtenestene i kommunane i landet - det såkalla Styrings- og informasjonssystemet for helse- og sosialtenesta i kommunane. Den siste undersøkinga viser at Bokn ikkje har så mange arbeidslause, sosialhjelpsmottakarar og barnevernsaker som kommunar på same storleik. Kommunen har heller ikkje så mange uføretrygda som samanliknbare kommunar. Når det gjeld eldre over 80 år, ligg Bokn på same nivå som landsgjennomsnittet, over gjennomsnittet i Rogaland, men under snittet i samanliknbare kommunar. Derimot har kommunen ein dødelighet som ligg over gjennomsnittet. Det er ikkje undersøkt antal funksjonshemma i forhold til andre kommunar. Den økonomiske bæreevna i kommunen er betydeleg svakare enn i gjennomsnittet i tilsvarende kommunar. Undersøkinga viser elles at Bokn kommune sine utgifter til helse- og sosialsektoren er på 27% av kommunen sine totale brutto driftsutgifter. Dette er henholdsvis 6, 7 og 9 % under kommunar på same storleik, fylkes- og landsgjennomsnittet.



STENING AV KOMMUNALT VATN

Det kommunale vatnet blir stengt frå Kyrkjebygd skule gjennom heile Alvestadområdet, Hålandssjøen/Knarholmen og Austre Bokn.

måndag den 16.12.96 kl.22.00 til tysdag den 17.12.96 kl.06.00

Unngå tapping i dette tidsrommet. Tapp godt ut i dine røyr om morgonen før du brukar vatnet

Teknisk etat

BOKN
KOMMUNE



Hybel til leige

Det er hybel til leige i kommunal bustad i Alvestadkroken. interesserte kan venda seg til teknisk etat innan 31. desember 1996.


Hjarteleg takk til alle som hugsar meg på 85 års dagen min.

Magnus Alvestad

Tusen takk for blomster og hilsener jeg fikk til min 85 års dag.

Tordis Grønnestad

ROMJULSDANS



Rist løs pinnekjøtt og ribbe på Arsvågen 28.12 kl.20.00.
Musikk v/ Trønderkompaniet
Matservering
Billetsalg Arskroen kr. 180,-
Arr: Jentene på Arsvågen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bogn kommune,
4290 Bokn, tlf.52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro
Reidun Grønnestad

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 13.12: Adventsfest for eldre. Bokn skule kl.17.30. Arr: Bokn sanitetsforening
- 15.12: Luciafest - Arr: Bokn musikkorps. Sjå rundskriv
- 22.12: Sundagsskulane har juletreffest kl.15 på Bokn bedehus
- 27.12: Juletreffest - Arr: Bokn bedehus
- 30.12: Frelsesarmeen har juletreffest på bedehuset.
- 08/09) Møte. N.M.S. Bokn
10.01) bedehus kl 19.30
- 14.01: Oppstart barnetrim 3-6 år og 7-10 år
- 15.01: Årsmøte Bokn idrettslag på Allrommet
- 19.01: Årsmøte i Bokn sokneråd, Bokn bedehus kl. 19.00
- 21-26: Møte, LNM, Bokn bedehus kl 19.30
- 23.01: Hobbyveksthus v/Per Inge Eriksen. Allrommet kl 19.00
Arr: Bokn Hagelag
- 25/26: Ungdommens kulturmonstring - lokal monstring , Bokn skule.
- 28.01: Årsmøte Bokn musikkorps på skulen
- 30.01: Bingo - arr: Bokn musikkorps
- 30.01: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl 17.30. Siste torsdag kvar mnd. t.o.m. mai



- 15.12. kl 11: Gudsteneste v/Arne Aurdal
- 24.12. kl 14: Familiegudsteneste v/Arne Aurdal
- 26.12. kl 11: Gudsteneste v/Arne Aurdal
- 05.01. kl 11: Gudsteneste v/Arne Aurdal
- 26.01. kl 11: Gudsteneste v/vikar

LENSMANN

Det er slutt med faste kontordagar for lensmannen i Boknatun. Lensmannen har kontor i Aksdalssenteret - tlf. 52 77 54 80

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.
Marie Løvoll Faye
helsesøster